

## Å vere ein andre kan stole på

Situasjon:	<input type="radio"/> Gjer du dette er du ikkje til å stole på	<input checked="" type="checkbox"/> Gjer du dette er du til å stole på
Nokon på skulen set ut eit rykte om Sander, og bestekompsen Jonas høyrer det.	Jonas trur på ryktet og trekker seg unna Sander utan å snakke med han om det.	Jonas snakkar med Sander så fort som mogleg. Han trur på det Sander seier og står opp for han overfor dei andre.
Emma fortel til venninna si at ho slit med angst og ber henne om å ikkje fortelje det vidare.	Venninna fortel det til andre i klassen, og Emma får vite det gjennom rykte.	Venninna held det for seg sjølv, viser støtte og spør Emma om ho vil ha hjelp til å snakke med ein voksen.
Ali blir ikkje invitert med på kino av vennegjengen, og han finn ut av det gjennom Snapchat.	Vennene latar som om det ikkje var planlagt og unngår å snakke om det.	Ein av vennene tar kontakt med Ali og forklarer kva som skjedde, og inviterer han med neste gang.
Nora og Ida har krangla, og Ida fortel til andre at Nora er “dramaqueen”.	Ida snakkar negativt om Nora til fleire og prøver å få andre til å ta avstand.	Ida snakkar med Nora direkte og prøver å rydde opp i misforståelsen utan å involvere andre.
Markus fortel ein vits som sårar ein annan i gruppa, men han meiner det ikkje vondt.	Markus ler det bort og seier “det var jo berre ein spøk”.	Markus merkar at vennen blei lei seg, og seier unnskyld og spør korleis han kan gjere det godt igjen.